



Kommunane i Møre og Romsdal

## **Statsbudsjettet 2019 og det økonomiske opplegget for kommunane**

Regjeringa la i dag, 8. oktober 2018, fram statsbudsjettet for 2019 (Prop. 1 S 2018-2019). Dette notatet gir ei oppsummering av dei viktigaste elementa i statsbudsjettet for 2019 med omsyn til kommuneøkonomi, det generelle økonomiske opplegget for kommunane og anslag på dei frie inntektene i 2019 for kommunane i Møre og Romsdal.

### **Kommuneøkonomien i 2018**

Etter Revidert nasjonalbudsjett for 2018 er anslaget for kommunesektoren sine skatteinntekter i 2018 justert opp med 2,4 mrd. kroner. Bakgrunnen for det er i all hovudsak ekstraordinære uttak av utbytte til personlege skatteytarar i inntektsåret 2017, som truleg skuldast tilpassingar i forkant av skattereforma.

Dei ekstra skatteinntektene er av eingongs karakter og vidareførast ikkje til 2019. Dette i motsetning til kostnadsveksten, som vidareførast til 2019.

Den samla pris og- og kostnadsveksten (deflator) anslåast til 3,0 pst i 2018. Dette er 0,4 pst høgare enn i Revidert nasjonalbudsjett 2018. Kostnadsveksten skuldast auka straumprisar. Dette reduserer isolert sett realverdien av kommunesektoren sine inntekter i 2018 med 1,9 mrd. kroner.

I 2018 vart det betalt ut over 2,7 mrd. kroner frå havbruksfondet til i alt 164 kommunar og 10 fylkeskommunar. Dette er om lag 460 mill. kroner meir enn anslått i Revidert nasjonalbudsjett 2018.

### **Generelt om kommuneoppbygging i 2019**

Regjeringa har for året 2019 lagt opp til ein vekst i frie inntekter på 2,6 mrd. Heile veksten i frie inntekter for 2019 vil bli gitt til kommunane. Grunngevinga for dette er at kommunane vil få auka demografikostnader for 2019. Dei ekstra skatteinntektene på 2,4 mrd. i 2018 er ikkje medtatt i grunnlaget for berekningane av vekst i 2019. Veksten er rekna frå inntektsnivået i 2018, jamfør revidert nasjonalbudsjett 2018. Den lave veksten på 0,7 pst

må derfor sjåast i samanheng med kommunesektoren sine inntekter frå Havbruksfondet på 2,4 mrd. i 2018, som ikkje vidareførast i 2019.

Tabellen under viser kostnader som må dekkast innanfor veksten i dei frie inntektene.

	Kommune- sektoren samla (i mrd. kr)	Herav kommunane (mrd. kr)	Herav fylkeskom- munen (mrd. kr)
Vekst i frie inntekter (mrd. kroner)	2,6	2,6	0,0
Demografi	-1,0	-1,6	0,6
Pensjonskostnader	-0,7	-0,5	-0,2
Satsingar innanfor vekst i frie inntekter	-0,6	-0,5	-0,1
Opptappingsplan rus	-0,2	-0,2	
Tidleg innsats i skolen	-0,2	-0,2	
Opptappingsplan habilitering og rehabilitering	-0,1	-0,1	
Opprusting fylkesvegnettet	-0,1		-0,1
Handlingsrom uten effektivisering	0,3	0,0	0,3
Effektivisering 0,5 %	1,2	1,0	0,2
Handlingsrom med effektivisering	1,5	1,0	0,5

Endringar i befolkningsamansetninga gir kommunane meirutgifter på 1,6 mrd. kroner som må finansierast innanfor veksten i frie inntekter. Vidare er veksten i kommunane sine samla pensjonskostnader anslått til 500 mill. kroner i 2019, ut over det som dekkast av den kommunale deflatoren. Disse kostnadene må også dekkast av veksten i dei frie inntektene.

Bindingane på dei frie inntektene i form av auka demografikostnader og pensjonskostnader utgjer for kommunane 2,1 mrd. kroner.

I tillegg kommer regjeringa sine satsingar på tiltak finansiert innanfor dei frie inntektene til kommunen på i alt 500 mill. kroner.

- 200 mill. kroner med opptappingsplanen på rusfeltet.
- 200 mill. kroner grunna i satsinga på tidleg innsats i barnehage og skole.
- 100 mill. kroner med opptappingsplanen på habilitering og rehabilitering.

Regjeringa viser til at handlingsrommet kan aukast ved effektiv ressursbruk i kommunesektoren. Dersom kommunesektoren set eit effektiviseringskrav til eigen verksemd på 0,5 pst, svarer det til om lag 1,2 mrd kroner som kan brukast til styrking av tenestene. Kommunane har ikkje handlingsrom utover eigen effektivisering, medan fylkeskommunen får eit handlingsrom på 300 mill. kroner.

Som tidlegare år vil deler av veksten i frie inntekter vere grunna i nokre hovudsatsingsområde:

Opptappingsplan for rusfeltet er regjeringa si tverrsektorielle satsing på rusfeltet. Planen strekker seg frå 2016 til og med 2020. I 2019 er det løyva 281 mill. 200 mill. er ei styrking av kommunane sine frie midlar. Til saman er det løyva 1 527 mill. (2016-2018). Styrkinga grunnast med auka satsing på rusfeltet. Midlane fordelast etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp omtalt i Prop. 1 S (2018-2019) for Helse og Sosialdepartementet.

Tidleg innsats. Som ein del av veksten i frie inntekter har regjeringa løyva 200 mill. til tidleg innsats i skulane, midlane kan brukast til fleire lærarårsverk. Midlane som fordelast etter delkostnadsnøkkelen for grunnskole, kan blant anna brukast til fleire lærarårsverk, også i dei kommunane som oppfyller lærarnorma. Dette kjem i tillegg til midlar løyva over lærarnorma som løyvast over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Nærare omtale i Prop. 1 S (2018-2019) for Kunnskapsdepartementet.

Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering. Eit viktig satsingsområde for regjeringa er å legge til rette for brukarar der dei bor. Derfor vidarefører regjeringa satsinga på habilitering og rehabilitering med 100 mill. Regjeringa har følgd opp målsettinga om 300 mill. i stimuleringsmidlar til opptappingsplan i perioden 2017 – 2019. Midlane fordelast etter delkostnadsnøkkelen for helse og er omtala i Prop 1 S (2018-2019) for Helse- og omsorgsdepartementet.

### **Kommunal deflator (årleg pris- og lønnsvekst i kommunesektoren i pst)**

Deflator er grunnlaget for berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter. Indeksen består av lønns – og prisvekst på kjøp av varer og tenester. I statsbudsjettet opererast det med reelle endringar i kommunesektoren sine inntekter. Her prisjusterer ein kommunesektoren sine inntekter før man legg til realveksten.

For 2019 er lønns- og prisveksten anslått til 2,8 pst (deflator) som leggst til grunn ved berekning av realveksten. Grunngevinga for ein deflator på 2,8 pst er eit lønnsvekstanslag på 3,25 pst i 2019. Kommunesektoren er kompensert for ein pris- og lønnsvekst på 2,8 pst innanfor foreslått inntektsramme for 2018.

### **Kommunal skattøren og anslag på skatteinntekter i 2019**

I kommuneproposisjon 2019 vart det varsla ei målsetting om at skatteinntekta skal utgjere 40 % av samla inntekter. Den kommunale skattøren er i statsbudsjettet for 2019 satt til 11,55 pst som ein nedgang på 0,25 pst jamfør 2018. Inntektene frå skatt på inntekt blir å utgjere 197,1 mrd. i 2019 som utgjer ein nominell vekst på 1,8 pst frå 2018. Inntektene bygger på 1,3 pst sysselsetjingsvekst og 3,25 pst lønnsvekst frå 2018 til 2019.

Fylkesmannen oppmodar kommunane til å gjennomføre regelmessige berekningar på sin frie inntekter gitt utviklinga i skatteinngangen for kommunen og ikkje minst for landet. Fylkesmannen viser i denne forbindelse til oversikt over månadleg skatteinngang i kommunane og for landet som publiserast av KS.

### **Korreksjonssaker**

Gjennom gradvis innlemming i rammetilskotet, ønsker staten å redusere statleg detaljstyring. For 2019 innlemmast bustadsosiale tilskot, bustadsosialt arbeid med 8,9 mill., og bustadsosialt kompetansetilskot på 15,6 mill. Innlemminga av tilskot aukar det lokale handlingsrommet for å finne gode tilpassa løysingar for dei enkelte i saman med dei ulike kommunale løysingane. Ei effekt er at kommunane får frigjort kapasitet til tenesteretta arbeid, gjennom redusert administrativt arbeide. Satsinga kjem i tillegg til 40 mill. som er

brukt over statsbudsjetta i 2017 og 2018. Det vidareførast om lag 10 mill. til utvikling av dei sosiale tenesta i arbeids- og velferdsforvaltninga, nærare omtalt i Prop. 1 S (2018-2019) for Arbeids- og Sosialdepartementet. For bustadstilskot sjå omtale i budsjett for Kommunal – og moderniseringsdepartementet for 2019.

Regjeringa vil leggje fram ein heilskapleg og fleirårleg innlemmingsplan i K. Prop for 2020.

### **Satsing på helse og omsorg**

Regjeringa fører si satsing på rekruttering av psykologar til kommunane vidare. Dette for å imøtekomme krava om at alle kommunane skal ha psykologkompetanse som er gjeldande frå 1. januar 2020. Satsinga gjennomførast med bakgrunn i Meld. St. 26 (2014-2015) »*Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*». Heile 287 av kommunane og bydelane har rekruttert psykologar gjennom tilskotsordninga per 1. halvår 2018. Regjeringa løyver 50 mill., som svarar til 126 nye psykologar. Regjeringa har lagt til rette for at alle kommunane no kan rekruttere psykologar. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2018-2019) for Helse – og omsorgsdepartement.

Regjererung ønsker å styrke rekrutteringa og stabilitet i allmennlegetenesta med til saman 39 mill., kor 25 mill. er øyremerka.

Dagaktivitetstilbod for demente styrkast med 50 mill. Dette for å opprette 450 nye plassar, gjennom å auke tilskotssatsen frå 30 pst til 50 pst. Målet er å bygge ut tenestetilbodet før plikta for kommunane til å tilby eit dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens blir gjeldande frå 1 januar 2020. Omtala i Demensplan 2020. Med denne satsinga er det no tilrettelagt for vel 8800 plassar gjennom tilskotsordninga, dette frå tilskotet blei oppretta i 2012 til og med 2019. Sjå Prop.1 S (2018-2019) for Helse -og omsorgsdepartementet for nærare omtale.

Heildøgns omsorgsplassar øyremerkast med 130 mill. og ei tilseignsramme på 2 612,6 mill. kronar for å legge til rette for om lag 1500 heildøgns omsorgsplassar. 50 pst av tilseignsramma går i 2019 til rein netto tilvekst. Regjeringa si satsing gjerast fordi det framover vil vere eit auka behov for heildøgns omsorgsplassar, samt at regjeringa etter krav frå Stortinget må likebehandle nybygg, oppgradering og modernisering. Sjå Prop. 1 S (2018-2019) for Helse -og omsorgsdepartementet for nærare omtale.

Det skal innførast betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling i 2019. Regjeringa om fordelar 185 mill. frå dei regionale helseføretaka til kommuneramma. Grunngevinga for dette er å likestille psykisk helse og rus med somatikk. Tilbodet til folk med psykisk helse- og rus problem skal styrkast. Stortinget slutta seg til behandlinga der det blei innført kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innlagt på somatisk døgnavdeling, Prop. 88 S (2017-2018). Kom. Prop. 2019 omtalar betaling til utskrivingsklare pasientar innanfor psykiske helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengigheit. Regjeringa gjer framlegg om å endrar forskrifta om kommunal betaling for nemnte fagområda. Forskrifta endrast slik at det er opphaldskommunen som får plikt til å betale for utskrivingsklare pasientar. Omtale i Prop. 1 s Helse – og omsorgsdepartementet.

## Skole og barnehage

Gjennom rammetilskottet har regjeringa løyva 45,7 mill. til å utvide ordninga med gratis kjernetid til også å omfatte 2- åringar, i tillegg til 3-,4- og 5- åringar. Dette vil gi familiar med låg inntekt eit rimelegare og auka barnehagetilbod i tillegg til å betre integrering og språkopplæring blant minoritetsspråklege barn.

I tillegg løyver regjeringa 10 mill. til nye studieplassar for barnehagelærarar, samt at maksimal foreldrebetaling aukar med 50 kroner per månad frå 1. august 2019. Sidan 2015 er det løyva betydelege øymerka midlar som har sikra fleire lærarar i grunnskolen. Hausten 2018 blei lærarnorma i grunnskolen innført, og totalt blei det løyva 1,4 mrd. i 2018.

I 2019 foreslår regjeringa å vidareføre den øymerka løyvinga til fleire lærarårsverk med 1,468 mrd. Kroner. I tillegg er 200 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunane grunna med ei særskilt satsing på tidleg innsats i skolen, som mellom anna kan nyttast til fleire lærarårsverk ved opptrappinga av lærarnorma hausten 2019.

Både dei 200 mill. kronene av veksten i dei frie inntektene og om lag 1 mrd. kroner av den øymerka løyvinga vil bli fordelt etter grunnskolenøkkelen. Dette gjer det mogleg å auke lærartettleiken også i kommunar som allereie fyller krava i lærarnorma.

## Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester

Formålet med toppfinansieringsordninga er å legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Dette kan blant anna gjelde personar med psykisk utviklingshemming, fysisk funksjonshemma, personar med rusmiddelproblem og menneske med psykiske lidingar.

Det er foreslått ei innstramming ved å auke innslagspunktet med 50 000 kr utover lønnsveksten. Det nye innslagspunktet blir i 2019 kroner 1 320 000.

Kompensasjonsgraden er uendra på 80 pst.

## Kommunereforma

Frå 1/1 2020 vil 119 kommunar bli til 47 nye kommunar. Det vil da vere 356 kommunar i Noreg. Sjølv om talet på samanslåingar er høge, så ser vi også at det ikkje blir store endringar i kommunesektoren som heilheit. Framleis har omkring halvparten av kommunane under 5000 innbyggjarar. Over 120 kommunar vil framleis ha under 3000 innbyggjarar. Det er difor framleis nødvendig at det jobbast vidare med endringar i kommunestrukturen.

Eingongskostnadane og reformstøtta slås saman og utbetalast ved vedtak. Inndelingstilskot utbetalast i 15 år etter samanslåing, deretter nedtrapping over 5 år.

Standardisert modell: Minstesatsen for to kommunar over 15 tusen innbyggjarar er 25 mill. I tillegg kommer 10 mill. per kommune. Tilskot til informasjon og folkehøyring er 100 000 per kommune.

### Vekst i frie inntekter for kommunane i Møre og Romsdal

Tabellen viser anslag på dei frie inntektene i 2019 for kommunane i Møre og Romsdal, samt anslått nominell vekst og realvekst, målt frå anslag på oppgåvekorrigert rekneskap 2018. Realveksten tek omsyn til anslått lønns- og prisvekst i 2019 på 2,8 pst (kommunal deflator).

Kommune	Anslag på frie inntekter 2019	Anslag oppgave-korrigert vekst 2018-2019	Nominell vekst 2018-2019	Realvekst 2018-2019 (kommunal deflator er 2,8 %)
1502 Molde	1 462 214	64 250	4,6	1,8
1519 Volda	518 039	22 409	4,5	1,7
1532 Giske	462 806	19 392	4,4	1,6
1535 Vestnes	370 469	15 539	4,4	1,6
1517 Hareid	296 457	11 658	4,1	1,3
1511 Vanylven	208 994	7 704	3,8	1,0
1531 Sula	530 471	18 938	3,7	0,9
1514 Sande	166 761	5 696	3,5	0,7
1543 Nesset	189 906	6 390	3,5	0,7
1547 Aukra	217 788	7 364	3,5	0,7
1563 Sunndal	426 925	14 559	3,5	0,7
1548 Fræna	564 962	18 714	3,4	0,6
1504 Ålesund	2 499 514	76 571	3,2	0,4
1520 Ørsta	608 632	18 739	3,2	0,4
1505 Kristiansund	1 312 347	36 105	2,8	0,0
1524 Norddal	126 254	3 416	2,8	0,0
1525 Stranda	275 507	7 575	2,8	0,0
1516 Ulstein	472 824	12 554	2,7	-0,1
1560 Tingvoll	205 212	5 356	2,7	-0,1
1526 Stordal	78 679	2 014	2,6	-0,2
1515 Herøy	493 343	11 556	2,4	-0,4
1529 Skodje	264 569	6 170	2,4	-0,4
1545 Midsund	140 415	3 336	2,4	-0,4
1528 Sykkylven	424 396	9 362	2,3	-0,5
1534 Haram	522 631	11 859	2,3	-0,5
1566 Surnadal	349 702	7 881	2,3	-0,5
1573 Smøla	147 234	3 159	2,2	-0,6
1539 Rauma	443 552	8 592	2,0	-0,8
1551 Eide	211 040	4 216	2,0	-0,8
1554 Averøy	326 543	6 331	2,0	-0,8
1571 Halså	113 919	2 255	2,0	-0,8
1576 Aure	256 262	5 101	2,0	-0,8
1523 Ørskog	142 364	2 703	1,9	-0,9
1557 Gjemnes	166 258	3 146	1,9	-0,9
1546 Sandøy	93 578	1 457	1,6	-1,2
Skjønnsmidlar som fordelast gjennom året	3 270			
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>15 093 837</b>	<b>432 170</b>	<b>2,9</b>	<b>0,1</b>
<b>Landet</b>	<b>306 004 925</b>	<b>8 952 117</b>	<b>2,9</b>	<b>0,1</b>

Frå 2018 til 2019 er det på landsbasis anslått ein nominell vekst på 2,9 pst og ein realvekst på 0,1 pst i kommunane sine frie inntekter (frå anslag på oppgåvekorrigert rekneskap for 2018). Kommunane i Møre og Romsdal anslåast samla sett også å få ein nominell vekst i dei fri inntektene på 2,9 pst og ein realvekst på 0,1 pst.

Veksten i frie inntekter i 2019 på om lag 2,6 mrd. er rekna frå anslått inntektsnivå for 2018 i revidert nasjonalbudsjett for 2018. Oppjusteringa i kommunesektoren sine skatteinntekter i 2018 med 2,4 mrd. i statsbudsjettet for 2019, påverkar derfor ikkje nivået på sektoren sine inntekter i 2019.

Når veksten reknast frå anslag på rekneskap for 2018, blir inntektsveksten frå 2018 til 2019 lågare, sidan nivået som veksten reknast frå er betydeleg justert opp samanlikna med nivået på sektoren sine inntekter i 2019.

I all hovudsak kan variasjonen i veksten mellom kommunane forklarast med utvikling og endring i befolkninga, endringar i skjønnstilskotet og andre endringar i inntektssystemet. For små kommunar kan mindre endringar gjere store utslag i vaktposten.

### **Skjønnsmidlar i 2019**

Skjønnsramma til Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart redusert i 2019 med 15 mill. kr til 64,7 mill. kr. Reduksjonen er grunna med at det vil vere ei gradvis utjamning av forskjellane i basisramma per innbyggjar mellom fylka, ref. kommuneproposisjonen for 2018.

Vi viser til Fylkesmannen sitt brev til kommunane, der fordelinga av skjønnsmidlane per kommune og fordelingskriteria går fram. Brevet ligg også på våre heimesider.

### **Inntektssystemet**

Det er ikkje store endringar i inntektssystemet for 2019, men det er nokre saker det er verdt å kommentere likevel.

Regionalpolitiske tilskot prisjusterast i 2019 (med unntak av regionsentertilskotet). Ved deling av distriktstilskota så brukas den «gamle» distriktindeksen oppdatert for 2017-tal.

Forslag i kommuneproposisjonen om å bruke konserntal ved berekning av utgiftsbehovet vart ikkje ønska av Stortinget.

Vi vil også minne kommunane om Kommunal- og moderniseringsdepartementet si nettløysning av dei frie inntektene. Der kan man sjå fordelinga av rammetilskotet og anslaget på skatteinntektene for 2019.

<https://frieinntekter.regjeringen.no>

Med helsing

Sissel Hol  
Seniorrådgivar

Espen Julnes Lia

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*